

Referat elevrådsmøte tysdag 19.oktober

Stad: musikksalen

Tid: tysdag 19.oktober, kl. 9.00 – 10.00

Desse klassene møtte: alle

Referat:

1. Ungdomsrådsmøte okt.2021:

- Skei skule sine representantar, Valentino (9.) og Erik (10.), refererte frå møte:
 - Presentasjon av alle medlemmane av utvalet
 - Gruppearbeid: dei skulle kome med forslag til kva for ungdoms-aktivitetar dei kunne tenkje seg skulle føregå framover i ledige lokale i Førdehuset.
 - Neste gang skal dei ha val av leiar, nestleiar og sekretær. Alle som ynskjer kan stille til val, tenk over korleis du vil «selje» inn ditt kandidatur.

2. Innspel til rektor/leiinga:

- Ynskjer kantine i hallen 1 gong i mnd. Kven organisere dette?
- Få såpedispenser i garderobane i hallen
- Vann-dispensaren utanfor gymsalen funkar ikkje
- Ynskjer tørke-skap på mellomtrinnet
- Meir bruk av klartehallen
- Blande heile skulen i aktivitetar
- Må ha pumpe i hallen som vaktene kan nytte - betre fotballar!
- Ynskjer volleyball-turnering før jul, der elevrådet stiller med Fairplay-pris (som før)
- Betre varmeovnar på klasseromma
- Betre høgtalarar på klasseromma, fleire verkar ikkje på ungd.skulen (verken i timane eller friminutt)
- Nettet på ungdomsskulen/spesialromma må gjerast noko med. Manglar på gr.rom!

3. Innspel frå klassene om «leksefri skule».

Argument:

Vil ha lekse	Vil ikkje ha lekse
➤ Elevane blir meir sjølvstendige	➤ Dårleg motivasjon kan føre til «slurvearbeid»
➤ Kjem gjennom fag-måla	➤ Tek mykje tid etter avslutta «arbeidsdag» (les: skuledag)
➤ Får repetert fagstoff	➤ Urettferdig, nokon får meir lekse enn andre, både i klassa og på tvers av klassene.
➤ Elevane kan bli smartare	➤ Vil ikkje ha gruppearb. heime. Vanskeleg å få tid til, då ein har ulike aktivitetar på «fritida». Dette fører til press.
➤ Lærer meir	➤ Lite fritid
➤ Får mengdetrening	➤ Enklare å gå på skulen, når ein ikkje stressar heime
➤ Førebur livet vidare (vgo, høgskule....)	➤ Kan vere meir sosial
➤ Bättre utdanning	➤ Når skal ein slappe av?
	➤ Alltid dårleg samvet, ikkje bra for psyken

Oppsummering / løysingar frå elevrådet:

- Elevrådet forstår at det er rektor som bestemmer dette!
- Ikkje lekse, men det ein ikkje får gjort på skulen må ein gjere heime. Dette vil motivere til å jobbe godt i timane.
- Andre typar lekse enn det ein har no (kjekkare, praktiske, ute m.m)
- «Veke-lekse», 1 større oppgåve (evt. nokre få)
- Vil ha studietime (leksetime) på skulen for **alle** klasser
- Lekse til berre 2 faste dagar pr/v
- Lærarane må sjå at ein ikkje har mykje lekse i alle fag, fordele meir utover.

- Fleirtalet vil **ikkje ha lekse**, men ein kan finne ulike tilnærmingar. Sjå pkt. **b - f** ovanfor.
- Elevrådet ynskjer ein **prøve-periode** utan lekse eller med små tilnærmingar, sjå ovanfor.

Referent

Jakob Røyset Førde